

# Menighetsbladet

Nr 4 - 2018 • Ringeby prestegjeld • 74. årgang



Ringebu



Fåvang



Venabygd



Foto: Anne Jordbruen

# Juleandakt 2018



Solveig Fiske  
Hamar biskop

Det var mye mørke som omgav Jesu fødsel. Et folk var okkupert av en fremmed hersker, ei ung mor som ennå ikke var gift, ei lang reise like før fødselen, og natt over stallen der barnet ble født. Fødselsfortellingen skinner likevel som en dyrebar skatt og er noe som mennesker fester sitt håp og sin tro til.

Julebudskapet vil oss noe! Det vil ha oss til å stole på at nåde og sannhet finnes. Det vil at vi skal lite på at det finnes en Gud, en kraft som aldri gir opp kampen for det gode. Som ikke gir opp troen på kjærlighetens muligheter.

Det barneansiktet som lyste mot Maria og Josef er fremdeles tegn på at Guds lys er kommet nær oss og at mørket ikke kan overvinne Kristi lys. Hans kjærlige lys holder oss fast i sannhet, trøst og håp.

**Det som ble til i ham, var liv,  
og livet var menneskenes lys.**

Forunderlig og vakkert formidles det store og sanne i at lyset skinner i mørket og at mørket ikke har overvunnet det. Det sanne lys som lyser for hvert menneske, er kommet til verden. Full av nåde og sannhet. Og fred.

Dette er en julefred uten virkelighetsflukt. En jul der vi tenner våre lys i trassig tro på det sanne lyset. Lyset som gir oss mot til å kjempe og aldri slutte å stå opp for det som er rett og godt.

**God og velsignet julehøytid!**

Biskop Solveig Fiske



STØRST AV ALT

## Inger Melbø Strangstad

Når dette leses har jeg alt vært i arbeid som vikarierende menighetspedagog en tid. Jeg har møtt mange trivelige mennesker og gleder meg til å bli bedre kjent både med bygda og med folket. Selv bor jeg på Tretten og er godt gift med Harald. Sammen har vi tre jenter i alderen 12 - 16 år.

Jeg er utdannet allmennlærer, men har hele livet jobbet med Bibelformidling på ulike måter. Bibelen er boka som forteller oss om Gud og det er den vi må gå til når vi lurer på noe om han. Jeg er glad i bibelfortellingene. Ikke bare er det mange spennende og flotte fortellinger, men de er også livsnære, aktuelle og levende. For meg er Bibelen en bok som blant annet gir glede, visdom, trøst og håp.

Livet er mangfoldig. Det består av dager i alle fargenyanser. Selv har jeg opplevd både de lyse og lette dagene, men også de mørke og vanskelige. For meg er det godt å ha en kristentro som bærer meg, uansett hvordan dagen er og erfare at Jesus er nær også når livet gjør vondt.

Som menighetspedagog håper jeg at jeg kan få være med å fundere sammen med barna over livets mange store og rare spørsmål. Jeg håper jeg kan få gå noen skritt sammen med ungdommene i en periode av livet hvor det er viktig at de har voksne rundt seg med to ører og tid. Jeg håper jeg kan få være en som



folk tør å prate med om tvil, tro og selve livet. Og jeg gleder meg til å være med å formidle budskapet om Jesus til små og store og gjøre bibelfortellingene tilgjengelige. For jeg tror at uansett hva man tenker om disse fortellingene så er de viktige og kan være med å dyktiggjøre oss til livet.

Inger Melbø Strangstad

# Min salme – No koma Guds englar

Det er snart jul, og min salme er ein julesalme som var mye brukt i min barndom. Salmen har nummer 54 i vår salmebok, og er skriven av Elias Blix i 1870-åra. Melodien er ein folketone frå Vest-Agder.

Denne salmen minner meg ikkje berre om jula som barn og juletefestar på skolen, men er også knytt til minnet om mi første salmebok, ei bok som vart tatt i bruk i 2.klasse. Da begynte pugginga av salmevers, noe som eg syntes var greit, og som eg tok som eit bevis på at eg begynte å bli "stor". Verre var det med sjølvne boka. Den var meir enn velbrukt, mangla dei første 30 salmane, og permene var borte. I mi tid på barneskolen fekk vi berre bøkene i norskfaget til utlån, i tillegg til vanleg forbruksmateriell som blyant, pussegummi, pennesplitt og bøker til å skrive i. Dei andre bøkene måtte foreldra betale, og da gikk sjølv-sagt bøkene i arv i søskenflokket. Eg var yngst og nummer fire i flokken vår, ikkje rart at salmeboka var prega av "gjenbruk". Det måtte kjøpast ny bok, ikkje berre på grunn av slitasje, men også på grunn av at bror min i 6.klasse hadde same skoledagane som eg. Sjølv sagt var det den eldste eleven som skulle ha den nye boka, noe eg syntes var veldig urettferdig! Bror

min forklarte meg at dette var rimeleg: Han hadde berre to år igjen på barneskolen, og når eg begynte i 3.klasse, var boka mi! Bror min forstod nok at eg hadde vanskeleg for å godta dette, og prøvde å fikse på den gamle boka. Han klippte til stive permnar av ein pappask. Permane vart festa med brei tape, for så å bli kledd med rosete hyllepapir av same slaget som mor hadde i kjøkkenskåpa. Resultatet vart ikkje aller verst, og med lovnad om at eg skulle få låne boka hans dersom eg fekk lekse i salmar som hadde lågare nummer enn 31, godtok eg bestemmelsen. Då hadde eg alt sjekka at julesalmane begynte på nr.81 i Nynorsk Salmebok, og "min salme", No koma Guds englar med helsing i sky", stod under overskrifta Annandag jol, og hadde nummer 105. Salmen har 8 vers. Eg lærde nok ikkje alle 8 som andre-klassing, men eg likte godt versa 1, 3 og 6. Følgeleg er det dei versa som blir tekne med her.




Tekst:  
Liv Jorunn Braastad

*1) No koma Guds englar med helsing i sky,  
Guds fred og velsigning dei bjoda.  
No stig i frå jordi ein helgasong ny,  
som skal gjennom himmelen ljoda:  
Guds fred og vel møtt,  
du barn som er født!  
Vår fredsyrste høgt vere lova!*

*6) No ljodar ein lovsong frå alle Guds born,  
på alle folks tunger dei kveda.  
Så vide som klokkene tima frå tårn,  
stig tonar av hugnad og gleda:  
Alt kling som i kor:  
Guds fred over jord!  
Vår fredsyrste høgt vere lova!*

*3) I djupaste mørker vart himmelen klår,  
då stjerna av Jakob seg viste.  
I hardaste vinter det grønkar som vår,  
og fagraste knupp spring av kviste.  
Guds fred og god jol  
med sumar og sol!  
Vår fredsyrste høgt vere lova!*





STØRST AV ALT

## Hei du som er født i 2012 og i 2014!

Passet det ikke å komme til kirka da det var utdeling av min kirkebok til 4 åringer og skolestartgudstjeneste med bok til 6-åringer? Kom innom oss på kirkekontoret, så kan du få boka der!




## JULEVERKSTED

Tradisjonen tro blir det også i år juleverksted på Ringebu ungdomssenter.

**I år blir samlingen lørdag 22. desember kl. 11.00 – 13.00**

Det blir julegrøt, julekos, julehobby og gang rundt juletreet.

*Hjertelig velkommen til både store og små.*



## 4-års samling

En mørk og kald novemberkveld var det varmt og lyst inne i Fåvangkirka. Her så du 4 åringer gå med forstørrelsesglass og lete etter spor. Adventsstaken var forsvunnet og på letingen etter den ble det stopp både ved alteret, døpefonten, lysgloben, prekestolen og sakrestiet. Adventsstaken ble funnet og før vi avsluttet samlingen med å spise kveldsmat, fikk vi innføring i hvordan kirkeorgelet fungerer og alle som ville fikk prøvespille.

**Takk for en fin samling!**



## Nytt trosopplæringstiltak!

Dette er en viktig melding til alle som er født i 2014 eller alle som har lyst til å komme på en annerledes gudstjeneste.

3. februar ser et nytt trosopplæringstiltak dagens lys og store og små inviteres til Krøllegudstjeneste i Venabygd kirke. Her vil alle som er født i 2014 få sin egen bok og gudstjenesten blir tilrettelagt for de aller yngste.

Det kommer innbydelser i posten til de som er 2 år i år, men sett av datoen allerede nå.



## Gled deg til Familieonsdag!

I januar starter vi opp med et nytt tilbud i menigheten: Familieonsdag. Dette er en videreføring av familjelørdag som har vært tidligere. Familieonsdag vil bestå av 3 ingredienser: Enkel middag, lek og en samling/enkel gudstjeneste med sang og en bibelfortelling. Den første familieonsdagen blir 16. januar kl. 16.30 – 18.00 deretter blir det 2. onsdag i måneden i februar, mars og april. Det vil være enkel middag, som koster 50 kr. for voksne, mens barn spiser gratis. Det er bare å møte opp, men følg gjerne med på «familjelørdag» på facebook, og gi en lyd der på hvor mange dere kommer.

*Håper vi sees!*



9. september 2019 er det kirkevalg i Norge, samtidig med kommune- og fylkestingsvalget. Da er det tid for valg av nye menighetsråd og bispedømmeråd. Du kan påvirke utviklingen av Den norske kirke allerede i nominasjonsprosessen ved å foreslå kandidater for menighetens nominasjonskomité, som utnevnes av menighetsrådene. Dersom du har forslag til kandidater, eller kanskje er du en kandidat til å bli med i menighetsråd, fellesråd eller bispedømmeråd? Da er fristen for å melde fra 1. mars 2019.

I alle menigheter og bispedømmer blir det nedsatt en nominasjonskomité som setter sammen en kandidatliste. Det er også mulighet for å stille alternativ liste, og fristen for alle listeforslag er 30. april kl. 12.00. Kandidatlistene til menighetsrådsvalg og bispedømmerådsvalg skal

## Kirkevalget 8.-9. sep. 2019

ha minst 40 % representasjon fra hvert kjønn og minst 20 % representasjon av kandidater under 30 år. Valgperioden er 4 år.

Stemmerettsalderen i kirka er 15 år, så man kan stemme fra det året man konfirmeres. For å kunne velges må man fylle minst 18 år i 2019, være medlem av Den norske kirke og bo i soknet.

Mer stoff om kirkevalget kommer i neste nummer av Menighetsbladet, du finner også informasjon om kirkevalget på [www.kirkevalg.no](http://www.kirkevalg.no)

# ELVIS

## GOES TO CHURCH

OLE J. BEKKEMELLEM & THE KINGSMEN

**Konsert i Fåvang kirke  
søndag 20. januar kl. 19.00.**

Pris kr. 200,-

Salg av billetter selges hos Baker Hansen og ved inngangen.

*Fåvang Menighetsråd ønsker velkommen til konsert der dere får høre godbiter fra Elvis sitt store gospel-univers.*



## *50-års konfirmanter Fåvang 2018*



Bakerste rekke fra venstre: Henny Myrmoen, Sabrina Lee Smidesang, Erling Mathisen, Brede Bjørnneset, Jo Amrud, Edgar Vangen, Trygve Olaf Lindvig, Per Erik Bø, Kirsten Elise Midtskog Hallum, Randi Aune.

Første rekke fra venstre: Britt Elin Jørstad Sandbakken, Ingunn Sambu Stenumgard, Åse hammeren, Vigdis Nyfløt Nylund, Randi Johnsen, Edit Kristianstuen, Inger Berit Myhre, Kjellaug Hallum Bø, Regi Lesjø.

Foto: Ole M. Nybakken

## *60-års konfirmanter Fåvang 2018*



Bakerste rekke fra venstre:

Magne Tofthagen, Oddvar Seielstadsveen, Ludvig Bråstad, Karl Mathisen.

Første rekke fra venstre: Ingrid Nybakken Vestby, Else Borgen, Åse Paulsen Wålen, Kari Bakke Tempera.

Foto: Ole M. Nybakken

# - i enden av ein bygdeveg



Harald og Marit Syverud.

Du må forbi Dalarampa - ei påminning om tida som var. Mjølkespanna tålmodig ventande på ein bil som har lagt opp. Bilvegen svingar deg vidare nedover til du ikkje kjem lengre om du vil til folk. Den gamle stua har fått lov å stå; litt bortanfor dei andre husa, men likevel innafor. Ho er ikkje lenger den mest viktige. Sjarmerande gråaktig har ho og vorte med åra, men ikkje så prega av "hengande kinn og slitne hofter" som ein kunne tru! Ho er teken godt vare på og ser snill ut med både ro og verdigheit. Ferdig har ho gjort seg med livet ho var tenkt til, og bora er overlevert til ein nyare og meir lettvinnt heim for dei som er nå. Brønnen var rett utanfor. Ut og inn trakka føter seg fram etter livsnødvendige dråpar til både to- og firbeinte. Brønnvekta har stilna.

Vi er i Sjuro hos Marit og Harald, - to brekkominngar som har levd livet i ein roleg ende av ein bygdeveg. Grasmak med skog omkring i brattlendte skråningar og Baklia med berg og gran rett i auga. Tromsa i dalen nedanfor. Harald er oppvaksen her med vårleg bulder frå ei flomstor elv; Marit frå Mork, noen kilometer lengre framme i bygda.

Harald hugsar det var mye arbeid som skulle gjerast heile tida da han var ung, ikkje minst utover hausten. Folk hadde det travelt da og, fortel han, medan Marit er ein sving innom kaffetraktaren. Fjøs-stellet måtte takast uansett årstid, og om hausten var det mye arbeid med slakting. Noe var til eige bruk, men det meste skulle gi inntekt i tillegg til mjølke-

leveringa. Der dyrebilen kjem feiande inn og hentar slaktedyrt på gardane i vår tid, var det heimeslakting før. Far hans stod for det arbeidet både i Sjuro og andre stader i bygda.

Harald hugsar godt desse krubbeliknande kjøtt-hekkane som slaktet vart lagt i, merka for kvar eigar og sendt med mjølkebilen for vidare transport til Oslo med tog, fortel han. "Det var den einaste måten å gjera det på den gongen," legg han til. Han kan sjå for seg Magne Amundsen, mjølkebilsjåføren i Brekkom i mange år, da han drog hekkane inn på lasteplanet. Det var tungt, dette. Da Harald gjekk på framhaldsskulen, hendte det at om det var tid før skulestart, fekk dei vera med Magne utpå stasjonen og avlevere lasta til neste transport. Det var gjevt å gjera nytte for seg, og Magne var ein god kar.

Mjølkebilen var viktig både som skuleskyss og varettransport den gongen. Det hendte dei kom frå skulen litt før bilen skulle gå oppover att, og Magne vinka på dei for å ha innpå mjølkedunkane, kan han hugse. På vegen oppover hjalp dei ofte til med å sette dei av. Bilen hadde dobbelt førarhus med plass til ein 7-8 personar, kanskje, og det greidde seg, kan dei baa be-krefte.

Det er lys i adventstaken. Kakeboksane er klare. Ei langpanne med dagens bakst står på bordet, og smultgryta til avkjøling på komfyren. Husmora har vore i aktivitet. Jula, ja! Harald hadde vel så vidt begynt på skulen da han vart sendt ut i skogen på eiga hand et-

Tekst : Olaug Widme  
Foto: Oddleiv Ringlund

*"Brønnvekta har stilna".*



*Dei har meiningar både om pengebruk og julevarer tidleg på hausten i vår tid, desse to.*

ter juletre han måtte drassa med seg heim i snøen. Å handtere øks og kniv var noe gutane skulle kunne, og det var store krav til juletreet. Det skulle vera jamt og pent. Det var ikkje verdt å komme heim med eit tre utan greiner på eine sida, nei! Det var ikkje så stort rom å ha treet på, kan dei hugse, men juletre måtte til. Pynta med fletta korger, norske flagg og eit blankt, skinande spir i toppen og levande lys før det kom elektrisk straum. Dette var stas. Julegavene var ofte nye klede. Stas det og med noe nytt, seier han. Elles hadde ikkje folk så mye av alt, så å skaffe noe som ikkje kosta all verda, var viktig, påpeiker ho. Dei har meiningar både om pengebruk og julevarer tidleg på hausten i vår tid, desse to.

Så måtte ein hogge ved i så stor mengde at ein slapp å gjere det når julehelga kom. Da skulle det vera helgefred. Ein skulle ikkje gjera anna enn det nødvendige med dyre- og matstell da. Både folk og hest hadde tungt arbeid, og det å få kvile i juledagane gjorde godt for alle. Julekvelden hadde dei alltid heime, kan dei hugse. Eit juleminne som står sterkt frå Marit sin barndom er at da middagen var ferdig, var det kaffe og kaker med dei som budde i nabohuset. Da var det verkeleg jul for henne! Dei hadde omgang med kvarandre til vanleg og, men det var spesielt å vera saman på julekvelden. Juleselskapa kom seinare i jula. Det er gode minne. Dei ser på kvarandre. Ja, slik var det, ja.

Sjuro er ein av fire gardar som tidligare låg litt for seg sjølv, om ein kan seie det slik. Harald hugsar godt den tida da to av gardane hadde kvar sin bratte beinveg gjennom skogen nedover blant grantre og steinnubbar, der hest og folk tok seg fram. Dette om-

rådet er oppdyrka for fleire år sidan, så alle merke etter smale og steile vegar innunder grankvistar har fått tynt seg av både plog og horv i årevis.

Det var ein felles gamleveg for gardane og, men han var lengre. I kanten av denne låg snyten av ein diger stein, kan Harald hugse. Han låg så langt ut i vegen at kjerrehjulet hadde lett for å ta borti, og det vart berre keisamt. Slik hadde det alltid vore, men ein dag bestemte Andor Skogstad seg for å gå laus på denne farken med stubbebrytar og fekk han unna. Det var ingen småkar, og steinen er å sjå enda. På femtitallet kom ein ny og breiare veg som skar seg gjennom Steinstugulykkja og splitta ho i to. Bilar og traktorar susar fram her som andre stader, medan restar etter gamle murar inni bakken øvst på lykkja er minne for dei få som hugsar og veit, eit minne om levde liv i ein åkerbakke.

Som ung var Marit på kjøkkenet og i matsalen på Stor-Hove. Det er mye å lære av slikt. Seterbudeie var ho, og ho hjelpte til heime. Harald var i skogen på tømmerhogst da han var yngre, og han dreiv med tømmerfløting. Tungt og til dels farleg arbeid, relatert til jord og skog. Så var han på saueklypping rundt om. Dette heldt han på med omtrent så lenge dei hadde sau sjølve. Han hadde ord på seg for ei roleg og fin handtering av dyra, seier folk. Slik har nå livet vore, men han kunne ikkje ha tenkt seg noe anna. Enn ho, da? "Veit du, da eg var ung, gjekk eg med tankar om å lære å snikre," seier ho, fast i blikket, "men jenter gjorde da ikkje slikt den gongen, kan du vita, men ein hammar har eg kjøpt meg!"

Både Marit og Harald er oppvaksne med dyr av forskjellige slag. Jorda gav liv og utkomme for familiane deira. Kjærleiken til dyr er stor, både ville og tamme. Dei følger interessert med på program om dyr på fjernsynet. Dette liker dei. Respekt for dyr har dei med seg frå barndommen. Om dei er vante med både ku, sau og gris, så er det nok sauene som er deira store felles interesse når det gjeld dyr. Dei hadde sau sjølve til for noen år sidan. Har ein dyr, må ein ta godt vare på dei. Når nye liv skal komme til verda, må ein



*Etter julemiddagen var det kaffe og kaker med dei i nabohuset.*



passe på, enten ein har mange eller få. Reddar ein eit lam om våren, syner det seg på kontoen om hausten. Derfor er denne tida om våren hektisk, men og svært viktig av fleire grunnar.

Tida på sommarbeite er heller ikkje problemfri, sjølv om mange meiner at sauene greier seg på eiga hand. Dei hadde mange turar innover fjellet for å sjå om dei fann noe som var unormalt eller for å sjekke at alt var greitt. Slik er det nå og for Marit og Harald. Dei sluttar ikkje med å ha omsorg for dyr, sjølv om dei ikkje er aktive dyrebønder lenger. Omtanken sit i heile tenkemåten deira. Dei har mange turar innover Saubuvegen om sommaren frå dei første sauene er sleppte ut av dyrehengeren og til Svankampen har fått eit dryss av melis nedover øreflippene, og ei ny årstid er varsla. På desse turane treffer dei folk. Dyra er ofte samtalemaet. Om noe er sett eller høyr. Oppdagar dei noe unormalt med dyr, enten det er kjøttfe eller sau, så seier dei i frå. På denne måten tek dei del i dyrehaldet i bygda på sin måte, og dei opplever at det blir sett pris på. "Det er gledeleg," seier dei båe og kjenner eit fellesskap med næringa der dei innehar rolla som sjølvutnemnte vaktmeistrar.

Nei, å levere sauene var ikkje den beste dagen, er dei samde om, men enkelte gonger er det fornufta og ikkje kjenslene som bestemmer. Når den eine vert sjuk, blir det ofte for mye for den andre. Så enkelt og så vanskeleg. Så får ein finne andre oppgaver ein

klarar. Slik er det. Ho har i periodar hatt ansvaret for å få ut bomkort for Saubuvegen til folk som ønsker det. Det går greitt når Harald kjører.

Setra er på Annorseter, og der bur dei store delar av sommaren. "Da ser vi i alle fall folk", seier Marit. I fleire veker er dei der. Dei er kanskje ikkje dei første som kjem opp om våren, men dei er av dei siste på heimveg om hausten. Her treffer dei gamle kjente frå før, og her friskar dei opp minne og held ny og gammal kontakt ved like. Dette er nyttige bindingar i livet til folk.

Å leve livet i Sjuro har vore godt, seier dei båe. Ja, faktisk er det Marit som nesten kastar seg framover i spontanitet over spørsmålet! Sjølv om dei absolutt likar folk, set dei pris på ro og stillheit - og ikkje minst trivelege naboar, føyer dei til.

Kva med fastbuande i Sjuro i framtida, tru? Det eine svaret er klart. Sonen har etablert seg ein annan stad, og dei veit godt at han ikkje kjem attende som gardbrukar til det brattlendte bruket. I vår tid kan ingen greie seg på ein gard med dette arealet. Dei har ingen romantiske tankar om det. Jorda heime og på setra vert brukt av andre til hamn og slått. Nei. Det er ei tid for alt, erkjenner dei.

Varmen i omnen er i ferd med å roa seg for dagen, og klokka tikkar tida trufast vidare som ho alltid har gjort. Dei er her og nå. Kva som seinare kjem, veit ingen, sjølv ikkje dei to i enden av ein bygdeveg.

*"Da eg var ung, gjekk eg med tankar om å lære å snikre", seier Marit.*

*"Å leve livet i Sjuro har vore godt".*

## *Julegateåpning i Ringebu*

**Fredagskvelden 30. november ble julegata åpnet i Ringebu.**

Denne julegata er et produkt av ekte granbar og dugnadsånd av Ringebu Musikkforening. De henter granbar, binder girlanderene og henger de opp. Og vi er alle stolte av at det er ekte granbar som brukes, som den kanskje eneste julegata i landet! Det liker vi å tro i alle fall. Og så blir det lys-tenning, fakkeltog, gang rundt juletreet og nissebesøk.

Og selvfølgelig spiller RMF julemusikk fra paviljongen.

**Tekst og foto:  
Anne Jordbruen**



# Kyrkjekor i Ringeby

Da Magnor Kristen Langset (1938-2012) var sokneprest i Ringeby frå 1975 til 1985 var det i gang eit kyrkjekor i Ringeby. Margaret Mingay, som er med på bildet fortel også at dei av og til song i Sør-Fron kyrkje. Da var prestedottera der, Åse Redtrøen, med og song. Ho er ikkje med på dette bildet som er tatt i Ringeby stavkyrkje.

Tusen takk til Per Åsmundstad for at vi får ta del i denne historia som er rundt 40 år gamal da dette bildet truleg er tatt rundt 1979/80.

Takk også til Knut Hilstad og Margareth Mingay Eggen for rette navn og opplysning om bildet.



1. John Mingay 2. Magnor Langset 3. Trygve Raen 4. Øyvind Berge 5. Gudbrand Linækkeren 6. Johannes Haugstad 7. Knut Hilstad 8. Inger Haugødegård 9. Inger Løsnesløkken 10. Målfrid Spidsberg 11. Erling Spidsberg 12. Ragnhild Linækkeren 13. Jenny Brit Fjørtoft 14. Anne Kirsti Kittilsen 15. Margareth Mingay 16. Gerd Høyvesveen 17. Eldri Haugstad 18. Randi Mathisen 19. Anna Rudihagen 20. Ranveig Flatmoen 21. Torunn Bjørge 22. Gudrun Lunde 23. Kari Gilleberg 24. Agnes Berge 25. Dirk Struijk 26. Elisabeth Brandstadmoen

## TAKK!

Jeg, organisten i Ringeby, ønsker å rette en stor takk til alle som har bidratt med både stort og smått slik at orgelet i Fåvang nå har blitt nyrestaurert! Jeg er meget glad for all støtte, både økonomisk og verbalt! Ikke bare er orgelpipene reddet fra å knekke sammen og gjøre orgelet helt ubrukelig, men i tillegg så er "klikkelydene" på tangentene borte, stemmingen kan holde seg over lengre tid, jeg kan ta i bruk hele orgelet uten at noen av stemmene skjemmer for de andre, og det låter totalt mye bedre. Det var en stor lettelse og en meget god følelse å prøve orgelet etter at det var nyrestaurert. Jeg håper at menigheten kan få glede av orgelet i mange år fremover!

Hilsen Lena Gallatin Løsnesløkken.

## Finn vegen til Betlehem!

Hjelp gjetarane og vismennene å finne vegen til stallen der Jesus er fødd!



## Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Namna på åtte personar og byar frå juleforteljinga er gøynde inni rutenettet under. Kan du finne dei?

O	G	S	K	U	E	M	B	O	K
M	A	P	N	I	K	S	E	B	I
A	B	R	A	H	A	M	T	E	L
R	R	I	S	O	U	Y	L	M	A
I	I	N	A	S	G	R	E	U	M
A	E	G	R	P	U	A	H	T	O
K	L	Ø	E	I	S	V	E	Å	T
T	I	T	T	E	T	I	M	K	O
J	O	S	E	F	U	S	S	U	R
T	R	E	L	I	S	A	B	E	T

## Finn 5 feil

Teikning: Emily Fox

Gjeterane fann den nyfødde frelsaren i ei krubbe, akkurat som engelen hadde sagt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



## Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Disse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [Sondagsskolen.no](http://Sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



– Pappa, er pærer grønne?  
– Ja.

– Er dei saftige?  
– Ja.

– Har dei fire bein og eit hovud?  
– Nei.

– Æsj, då har eg nok ete ein frosk.

## Vitsar

– I år er nyttårsloftet mitt å ete endå meir godteri.

– Du meiner vel endå mindre?

– Nei, det var i fjor. I år vil eg ha eit løfte eg klarer å halde.

## «Ei levandes kjærkje i ei levandes bygd»



Biskop Solveig Fiske og nærings sjef Frode Martinsen.

Det var overskrifta for høstens bispevisitas i Ringebu, Fåvang og Venabygd. I kommunen vår står folkekirkja sterkt. Det er mange som kjenner tilhørighet til kirkene våre, til kirkegårdene og til høytidene som setter ramme for livene våre.

I perioden 13. – 18. november gjennomførte biskop Solveig Fiske bispevisitas hos oss, og i løpet av noen hektiske novemberdager rakk biskopen å gjennomføre møter og samlinger med ulike grupper og institusjoner i bygda vår. Programmet omfattet bl.a. barnehagebesøk, besøk i barneskole, kulturskole og ungdomsskolen, samt besøk på Ringebu Eldresenter og Linåkertunet. Det ble også tid til bedriftsbesøk og møte med kommuneadministrasjonen, ungdomsrådet, lærere og faglagene i landbruket.



Fra besøk på biblioteket.



Møte med faglaga i landbruket. Fra v. Øyvind Myhrsveen, Tor Håkon Berget, Therese Rudi, biskop Solveig Fiske og Jostein Tromsnes.



Elsine Haugstad. Foto: Anne Jordbruen.

På kveldstid ble det arrangert salmekveld i Fåvang kirke og kulturkveld i Venabygd kirke. Begge arrangementene var av høy kvalitet og med godt besøk. Visitasen ble avsluttet søndag 18. november med gudstjeneste i Ringebu Stavkyrkje og kirkekafe og visitasforedrag i Ringebu Ungdomssenter etterpå.



Anne Jordbruen og biskopen. Foto: Lars V. Tvete.



Olaug Furusæter. Foto: Lars V. Tvete.



FRi Gospel. Foto: Lars V. Tvete.

Ensomheten tar ikke ferie

**GI EN SAMTALE TIL EN  
SOM TRENGER DET.**

Send sms **ALLTID 11** til 2160 (150,-)



























Kontonummer: 7011 05 20067



KIRKENS  
**SOS**  
kirkens-sos.no/rogaland

## VI STØTTER MENIGHETSBLADET

Har din bedrift lyst til å støtte Menighetsbladet og samtidig få profilering på denne siden, har vi fortsatt noe ledig annonseplass. Ta i så fall kontakt med redaksjonen på telefon: 61 28 43 50

<p>FOTOGRAF</p> <p><i>Alle Fjellbær</i></p> <p>Ring 41472500</p> <p>www.liljen.net</p> 	 <p><b>Gudbrandsdal Energi</b></p> <p>www.ge.no • Tlf. 61 29 46 00</p>	 <p>www.jonnhalt.no • Tlf. 61 28 03 41</p>	
 <p><b>Lauritz Dalbakk</b></p> <p>2634 Fåvang Tlf. 61 28 24 10 / mob 976 82 410</p>	 <p><b>RINGEBU BILRUTER</b> Etabl. 1918</p>  <p>Tlf. 488 66 066 - post@ringebubilruter.no</p>	 <p><b>Ninas Blomster</b></p> <p>Tlf. 61 28 05 15 ninas.blomster@interflora.no</p>	<p><b>GAUSDAL</b> LANDHANDLERI</p> <p>www.gaus.no Telefon: 61 22 00 00</p>
 <p><b>Ringebu Frisørsalong</b> Dame - Herre</p> <p><b>CAMILLA &amp; KARI</b></p> <p>Tlf. 61 28 01 27</p>	<p><b>HYTTEDRØMMEN</b> Vi vet ikke hva du drømmer om, men bli inspirert på www.blane.no</p>  <p><b>Blåe hytter</b></p> <p>post@blanehytter.no, tlf. 612 84 300</p>	 <p><b>Rob Optikk</b></p> <p>2630 Ringebu, Tel: 61 28 08 70 e-post: postmaster@roboptikk.no</p>	<p><b>Støtt Menighetsbladet!</b></p>
 <p><b>TUNET KRO</b></p> <p>Tlf. 61 28 11 12 - www.tunetkro.no</p>	 <p><b>Hallum Tak og Blikk AS</b></p> <p>Blikkenslager - Fåvang - 46 66 01 39</p>	<p><b>SpareBank</b> GUDBRANDSDAL</p>  <p>Tlf. 61 21 80 00 www.gudbrandsdal.sparebank1.no</p>	 <p><b>BORGEDAL BYGG AS</b></p> <p>totalleverandør av byggtjenester</p> <p>post@borgedalbygg.no 2634 Fåvang - Tlf.: 61 28 46 50</p>
 <p><b>Annis</b> PØLSEMAKERI RINGEBU www.polsemakeri.no</p>	<p><b>Støtt Menighetsbladet!</b></p>	 <p><b>AREAL+</b> Planleggere og rådgivende ingeniører 2634 Fåvang - Tlf. 61 24 57 70 www.arealpluss.no</p>	<p><b>VENABU</b> FJELLHOTELL</p> <p>www.venabu.no • Tlf. 61 29 32 00</p>
 <p><b>BORGEDAL BYGGSERVICE AS</b> 2634 FÅVANG - 41 33 00 76 - 90 52 25 47</p>	 <p><b>FÅVANG SAG</b> 2634 Fåvang - Tlf. 61 28 44 00</p>	<p><b>Ringebu; libris</b></p> <p>2630 Ringebu Tlf. 61 28 01 99 - ringebu@libris.no www.libris.no/ringebu</p>	 <p><b>KIWI mini pris</b></p> <p>KIWI Ringebu • 61 28 05 19</p>
 <p><b>VIKEN GARTNERI</b></p> <p>2634 Fåvang - tlf. 61 28 46 02 www.vikengartneri.com</p>	 <p><b>Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.</b></p> <p>2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50 www.dg-trykk.no</p>	 <p><b>GIAX</b> GUDBRANDSDAL INDUSTRIER AS www.giax.no • Tlf. 61 28 42 00</p>	<p><b>Støtt Menighetsbladet!</b></p>
 <p><b>Borgen Handverk</b></p> <p>Øvre Borgen - 2634 Fåvang Tlf: 41 63 78 57 - E-post: rabor-h@online.no Husflidshåndverker www.husflid.no</p>	<p><b>Støtt Menighetsbladet!</b></p>	<p><b>Marits fotterapi</b></p> <p>2630 Ringebu • Tlf. 480 02 652</p>	 <p><b>HORTEN ELEKTRISKE AS</b> Autorisert tele- og elektroentreprenør www.hortenelektriske.no Gudbrandsdalsvegen 2090 2630 Ringebu - tlf. 61 28 16 40</p>
<p><b>Ringebu Begravelsesbyrå og Blomsterbinderi</b></p> <p>Tlf. 61 28 27 57</p>	 <p><b>FÅVANG ELEKTRO AS</b></p> <p>Tromsnesvegen 23, 2634 Fåvang. Tlf. 61 28 00 00</p> 	 <p><b>JOHN LIEN RØRLEGGEBEDRIFT</b></p> <p>2630 Ringebu - Tlf: 900 74 845 - 61 28 44 88</p> <p>Bademiljø Medlem i Norges største rørleggertjende</p>	<p><b>Blomsterverkstedet</b></p> <p>Laila Bakken Tlf. 90 85 61 97 Epost: blomster908@gmail.com</p>

## DET SKJER

### Julens gudstjenester

#### Julaften:

- Kl. 1400 Venabygd kirke, vikarprest Sigmund Jakobsen  
 Kl. 1400 Fåvang kirke, kapellan Gustav Søberg  
 Kl. 1400 Ringeby stavkirke, biskop Solveig Fiske  
 Kl. 1600 Ringeby stavkirke, kapellan Gustav Søberg

#### 1. juledag:

- Kl. 1100 Ringeby stavkirke, kapellan Gustav Søberg  
 Kl. 1400 Fåvang kirke, kapellan Gustav Søberg

#### 2. juledag:

- Kl. 1100 Venabygd fjellkapell, sokneprest Iselin Flaten Juland

#### 30. desember:

- Kl. 1100 Fåvang kirke, vikarprest Margit Juve Biørn

### God jul og godt nytt år!

Fåvang menighetsråd, Ringeby sokneråd og Venabygd sokneråd vil ønske alle en riktig god jul og et fredfullt godt nyttår, og takker for året som har gått!



### God jul og godt nytt år

ønskes våre medlemmer.

Takk til alle som har støttet oss i 2018.

Midt-Strand sanitetsforening og Myhrgrenda Sanitetsforening.



**Redaksjonen for Menighetsbladet vil takke alle som har bidratt med stoff til bladet i 2018.**

**Vi ønsker bidragsyttere og lesere en riktig god jul og et godt nytt år!**



## HEIM OG KYRKJE

### DØPTE

#### Ringeby:

- 26.08.18 Eskil Førlandsås-Bjørkli  
 09.09.18 Lukas Næss Gunderstuen  
 23.09.18 Astrid Kristiansen  
 23.09.18 Synne Aasen-Delgado  
 23.09.18 Åse Bårdsløkken  
 23.09.18 Storm Harry Mork Bjørge  
 18.11.18 Kristine Bjerke Stalenget

#### Fåvang:

- 02.09.18 Ane Frøyse Lien  
 02.09.18 Håkon Tråer Løkken  
 02.09.18 Brage Tråer Løkken  
 14.10.18 Matheo Landheim Nordrum

#### Venabygd:

- 21.10.18 Iver Bakken Furusæter

### VIELSER

#### Ringeby:

- 01.09.18 Kristin Smidesang og Bjørner Baukhol  
 01.09.18 Camilla Berntsen og Knut Kampestuen  
 10.11.18 Rita Katrine Løkken Granlund og Geir Julsvoll

#### Fåvang:

- 15.09.18 Renate Bergmo og Hans Sveipe

#### Venabygd:

- 25.08.18 Stine Mari Harildstad og Jakob Vennerød  
 15.09.18 Silje Helene Winness og Syver Storskogen (viet i Venabygd Fjellkapell)  
 22.09.18 Hilde Tomter og Jonas W. Tomter Isaksen (viet i Venabygd Fjellkapell)

### GRAVFERDER

#### Ringeby:

- |          |                       |         |
|----------|-----------------------|---------|
| 24.08.18 | Hans Nyland           | f. 1928 |
| 24.08.18 | Ivar O. Kroken        | f. 1926 |
| 04.09.18 | Sigurd Eilert Godlien | f. 1939 |
| 06.09.18 | Kåre Svalund          | f. 1931 |
| 11.09.18 | Liv Fornebo           | f. 1936 |
| 21.09.18 | Martin Dalberg        | f. 1934 |
| 20.11.18 | Reidar Kleiven        | f. 1938 |

#### Fåvang:

- |          |                     |                      |
|----------|---------------------|----------------------|
| 12.09.18 | Håkon Kristianstuen | f. 1929              |
| 21.09.18 | Karl Nyvold         | f. 1934              |
| 16.10.18 | Magnhild Bråten     | f. 1926              |
| 01.11.18 | Magne Pettersen     | f. 1926              |
| 02.11.18 | Oddrun Lie Jensen   | f. 1926 (bisettelse) |
| 06.11.18 | Tove Haukåen        | f. 1940              |
| 06.11.18 | Milda Ringlund      | f. 1927 (bisettelse) |
| 09.11.18 | Hjørdis Vangen      | f. 1929              |
| 07.12.18 | Liv Helene Helseth  | f. 1941              |

#### Venabygd:

- |          |                     |         |
|----------|---------------------|---------|
| 20.10.18 | Ludvik Edseth Husom | f. 2018 |
| 14.11.18 | Erik Knud Ernst     | f. 1947 |

### Takk for pengegaver til Menighetsbladet!

Redaksjonen for Menighetsbladet vil få takke for kontingent- og gaveinnbetalinger som har kommet inn siden siste utgivelse.

Stor takk også til Nordre Fåvang Bygdekvinne lag for gave på kr. 750,-

# Klokkene kaller til messe

## DESEMBER:

### 23.12 4. søndag i advent

1100 Linåkertunet  
1700 Ringebu Eldresenter

### 24.12 Juleaften

1400 Venabygd kirke  
1400 Fåvang kirke  
1400 Ringebu stavkirke  
1600 Ringebu stavkirke

### 25.12 1. juledag

1100 Ringebu stavkirke  
1400 Fåvang kirke

### 26.12 2. juledag

1100 Venabygd Fjellkapell

### 30.12 6. juledag

1100 Fåvang kirke

## JANUAR 2019:

### 06.01 Kristi åpenbaringsdag

1100 Ringebu Ungdomssenter

### 13.01 1. s. etter Kristi åpenbaringsdag

1900 Venabygd kirke

### 20.01 2. s. etter Kristi åpenbaringsdag

1100 Ringebu stavkirke

### 27.01 3. s. etter Kristi åpenbaringsdag

1100 Fåvang kirke

## FEBRUAR:

### 03.02 4. s. etter Kristi åpenbaringsdag

1100 Venabygd kirke

### 10.02 5. s. etter Kristi åpenbaringsdag

1100 Ringebu stavkirke

### 17.02 6. s. etter Kristi åpenbaringsdag

1100 Venabygd Fjellkapell

### 24.02 6. s. etter Kristi åpenbaringsdag

1100 Fåvang kirke  
1700 Ringebu Eldresenter

## MARS:

### 03.03 Fastelavns søndag

1100 Venabygd kirke, menighetens årsmøte

### 10.03 1. s. i faste

1100 Ringebu stavkirke

### 17.03 2. s. i faste

1100 Fåvangfjellets Sportskapell.  
«Lys våken»

### 24.03 3. s. i faste

1100 Fåvang kirke, menighetens årsmøte

### 31.03 4. s. i faste

1100 Fåvang Barnehage  
1900 Ringebu Ungdomssenter, menighetens årsmøte

Med forbehold om feil og endringer.  
Se annonsering i GD.

## Julekveldsfri

*Men barna er Guds skatt! Å, sola så nede nå. Månen skinte i snøskogen så fint! Stjernene over meg, talte: Vi er ikke alene. Å vi åt og drakk, store Gud ha takk! Å det var rundvasking, å en så god, førtidsstund. Det gode og magiske var, nå. Onga starta gavefesten, i en fart! Så glade, god-kraften, av Han, som ble født, på den så deilige, så rolige, juleaften...!*

Egil Mjogdalen



## DEN NORSKE KIRKE Ringebu prestegjeld

Gateadresse Ringebu ungdomssenter  
Postadresse Postboks 150, 2631 Ringebu  
E-post postmaster@stavechurch.no  
Internett www.stavechurch.no

### Kirkekontoret

Mandag – fredag kl. 9 – 12 61 28 43 50  
Kirkeverge Lars Smestadmoen 61 28 43 50  
E-post: kirkeverge@stavechurch.no 907 38 508  
Kontorsekretær Unni L. Tagestad 61 28 43 50  
E-post: sekreter@stavechurch.no

### Prestene

Kapellan Gustav Søberg 61 28 43 57  
E-post: kapellan.ringebu@stavechurch.no

### Privattelefoner

Kapellan Gustav Søberg 979 58 199  
Kirkeverge Lars Smestadmoen 907 38 508  
Organist Lena Gallatin Løsnesløyken 902 30 755  
Men.ped. Inger Melbø Strangstad 996 14 642

### Kirkene – kirketjenere

Ringebu stavkirke  
Jan Helge Jonhaugen 902 50 496  
Fåvang kirke  
Nils Magne Mathisen 902 89 136  
Venabygd kirke  
Odd Arne Furusæter 975 07 976

### Fellesrådet

Björg D. Karlstad, leder 995 15 015

### Soknerådene

Ringebu: Øyvind Myhrsveen, leder 415 10 320  
Fåvang: Stein Arve Solås, leder 911 82 460  
Venabygd: Anne M. Jordbruen, leder 906 31 091

### Redaksjonen for Menighetsbladet

Anne Jordbruen, Venabygd 906 31 091  
annejord@hotmail.com  
Olaug Widme, olaugwidme@gmail.com 480 68 441  
Liv Jorunn Braastad, lorbraa@online.no 950 93 733  
Postadresse: Postboks 150, 2631 Ringebu  
Bankkonto for bladpenger: 2095 19 54471

### Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s, 2635 Tretten  
Tlf. 61 27 73 50 - www.dg-trykk.no

Neste nummer av Menighetsbladet kommer ut ca. 15. februar. Vi oppfordrer leserne til å bidra med stoff eller tips om aktuelle saker.

**Frist for innlevering er 1. februar 2019.**